

Lars B. Linneflaatten, Åsne Fineid, Gaute Holtung, Torstein Lie, May B Michelsen.

Meldt forfall: Torstein Lie, Gaute Holtung

**Innkalling til telefonstyremøte i Vestfold sau og geit har gått ut via oppsett skype**

## **19/19 Innkalling og sakliste**

Godkjent

## **20/19 Innkomen post og referatsaker.**

- Referat frå representantskapsmøte
  - Hovedarbeidet på representantskapsmøte var gruppearbeid. «Sjå inn i glasskula». Størst bekymring på engasjementet i lokallaga. Det må kunne stilles styre. Ingen vedtakssaker. Gruppearbeidet vart innlevert og skal brukes vidare i styres arbeidet med den nye strategiplan.
- Referansegruppe husdyr.
  - Gjeng gjennom dei forskjellige produksjonane. «griseløftet». Kursopplegg dyrevelferd er tilgjengeleg. Er det noko å lære av «griseløftet» for sauebonden ? Orientering frå org. Sekretær.
    - Dyrevelferd svin
    - Nedskalering mjølk. 200 mill. kr frå staten, 300 mill. frå næringa via omsetningsmidlar. Grunngeving: Mjølk er kvote, gris er konsesjon.
    - Veterinærordning. Det bør være større støtte ved lange avstander.

- Ku med kalv på vidvanke. Ødeleggelse av ferdigplen. Krav på over 1. mill. Kravet gjekk ikkje gjennom. «Beiterett og gjerdeplikt» møte på Gjennestad.
  - Felles husdyrmøte. Forskjellige tema kvart år. I år blir det kanskje REKO-ringen og/eller adm. av avløysartenester. Forsikring, arbeidsgjevaravgift, sjukdom mm. Feb. mnd.
  - No fence. Meininga at den skal erstatte gjerde. Finns det mulighet for å søke midler innunder organisert beitebruk. Mona Olsrud.  
Kan være sak på årsmøte. Ulike tilskotsordningar for småfebøndene.
- Samrådsmøte rovdyr på Århus.  
Interessant møte. Genprøver – ulv.  
Orienterte om Regina sitt arbeid med å få gen-teste ulv.  
«Slik ulv skal det ikkje være i norsk natur»  
Espen Marker var til stades på møte. Orienterte om DNA prøver.  
Sjå elles referat frå møte.  
Høyring på ny rovdyrforvaltning- NSG har sendt sitt høyringssvar. Ligg på nettet.  
Kvota på gaupe i 2020- 18 dyr.
  - Møte Torstein har vore på møte i Oslo som NSG sin representant. Sendt referat til Lars Erik Wallin  
KSL arbeider for å forenkla systemet tilpassa di drift.

### 21/19 Evaluering av Jubileumsarrangementet

Gode tilbakemeldingar på arrangementet. Hyggeleg og inkluderande kveld. 45 deltakarar som deltok på middagen. Sjå oppsummering frå Åsne.

Skal VSG gjere noko tilsvarende seinare? Torstein har sett opp rekneskap.

Lars Bjarne gjennomgjekk. Torhild sender spørsmål til Røyseland ang. faktura. Totale kostnader. Skal VSG arrangere lunsj for sauebønder i Vestfold ?

## 22/19 Innspel til valkomiteen

Brev utsendt og gjennomgått.

NSG bør ha fokusområde:

- Økonomi
- Forstå omsetningsdelen- nytenkande
- Markedskommunikasjon/forbruker

Eit forslag kan være Anders Schanche Rettedal

Vestfold sau og geit vil støtte Torstein Lie som kandidat til varalista i NSG

Rune Sandklev må ut som vara til kontrollkomiteen da han ikkje lenger er fylkesleiar i Østfold.

Ynskjer å støtte Telemark sin kandidat. (utsnitt frå referat Telemark)

*Nå som tidlegare ynskjer Telemark sau og geit at våre tillitsvalte skal være aktive i næringa. Valkomiteen bør legge vekt på dette i sitt arbeid.*

**Arne Johannes Loftsgarden.**

*Alle dyreslag bør vere representert i styret/varalista. Slik me vurderer det i dag er her behov for nye krefter. Arne Loftsgarden brenn for sauehald i små besetningar, avl og ikkje minst gjetarhund.*

*Tidlegare erfaring: Leiar i gjetarhundrådet.*

*Har i tillegg leiarerfaring frå næringsliv og organisasjonsarbeid. Pliktoppfyllande og engasjert*

## 23/19 Oppnemning av råd og utval i NSG

Gjetarhundrådet: Avventar forslag på kandidat frå Vest-Agder . Her ligg inne eit

forslag på Øystein Hadeland. Så langt prosessen har kome er han villig til å stille Avventar eit forslag frå Vest-Agder. Arne Johannes har vore i kontakt med Hadeland og miljøet rundt.

### **24/19 Barnas Turlag, Vestfold**

Jens Heian, leiar av barnas turlag i Sandefjord ynskjer samarbeid med bønder i samband med sauesank i september. Dag eller med overnatting.

Vestfold sau og geit vidaresender informasjon til dei som beiter på øyane.

Morten- Preben- Knut - TNT

### **25/19 Eventuelt**

- **Fostertelling.** Skal VSG engasjere seg på nytt ? VSG har ingen råderett over fostertellarens tid. Dette må gå mellom bonde og fosterteller privat.
- **Kosenissespisemøte**  
Veke 50. Åsne undersøker og bestemmer dato.